

NVE Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO



Tel. 57 69 85 80
E-post: post@bystol.no
www.bystol.no

Tomtebu
6893 Vik i Sogn

Org. NR. 928 919 161

Dykkar ref. : NVE 200903948
Dato : 22.02.2017 rev.A

Søknad om endra slukeevne for Anga kraftverk i Førde kommune, Sogn og Fjordane fylke

Vi viser til konsesjon gitt til Anga Kraft SUS til bygging av Anga kraftverk meddelt ved kongeleg resolusjon 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004. Bystøl AS er Anga Kraft AS sin rådgjevar i prosjektet.

Endra slukeevne

Det vert med dette søkt om å auke maksimal slukeevne frå 12,5 m³/s til 16,2 m³/s og om å redusere minste slukeevne frå 1,88 m³/s til 0,8 m³/s.

Årsaka for søknaden er at styrande føresetnad for grunnrenteskatt er endra, krav til minstevassføring vart auke i konsesjon og at vassvegen vert betydeleg dyrare enn estimert i konsesjonssøknaden. Endra slukeevner vil gjøre prosjektet økonomisk realiserbar.

Bakgrunn

Kraftverket er omsøkt med maksimal slukeevne på 154 % av middelvassføring, med bakgrunn i den gamle grensa for grunnrenteskatt på 5 MW. Dette var fornuftig på søkeridspunktet, men gir ikke mening no i og med at grensa er endra til 9 MW. Dette er relativ lita slukeevne, noko som og vart kommentert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane under høyringsrunden på konsesjonssøknaden. Denne endringssøknaden legg opp til maksimal slukeevne på 200% av middelvassføring, det vil 16,2 m³/s.

Minste slukeevne gitt i konsesjon har basis i turbinoppsett med to like Francis turbinar. Seinare produksjonssimuleringar og kost-nytte-vurderingar viser at turbinoppsett med 1/3+2/3 Francis er gunstigare. For å kunne utnytte den minste turbinen i det nedre området søker vi om endra nedre grense for slukeevne til 0,8 m³/s.

Minstevassføringa vart i konsesjonen endra til 1700 l/s i tida 1/5 til 30/9 og 900 l/s resten av året, frå omsøkte 900 l/s heile året. Denne endringa utgjer 1 GWh (ref. konsesjon).

Ved synfaring og innmålingar har vassvegen nedstraums inntaket vorte vurdert på nytt. Dette området er og via oppmerksamheit i konsesjonsvilkåra, der det står at ein skal fokusere særskilt på teknisk løysing for å føre røyrgata ut frå inntaket i detaljplanen. Vurderingar med utgangspunkt i innmålingar av terrenget viser at det er særskilt krevjande å få til ei røyrgate i grøft på dette området pga. topografien. Eit svært aktuelt alternativ er å bore gjennom fjellknausen til inntaket, trass høgare kostnad. Eit borhol vil i tillegg gjere inngrepa i terrenget mindre enn røyrgate i grøft.

Hydrologi og produksjon

Simulert årsproduksjon for Anga er basert ei 50/50-vekting av vassføringsdata for Nessedalselvi og Hovefoss i perioden 1958-2011. Feltparametra for desse to elvane utfyller kvarandre i stor grad i forhold til Anga. Vi har nytta gjennomsnittleg vassføring som i konsesjonen, 8,1 m³/s. Produksjonsestimatet på 19,3 GWh er høgare enn det som er antyda i KSK-notatet (18 GWh) og skuldast meir presise utrekningar og nytta turbinkonfigurasjon.

Forventa årsproduksjon ut frå konsesjon er 19,3 GWh. Ved å endre maksimal slukeevne til 16,2 m³/s og redusere minste slukeevne til 0,8 m³/s blir forventa årsproduksjon 21,7 GWh.

Tabell 1. Dagar med minstevassføring, stans og overløp i normalt, tørt og vått år.

| | Normalt år (2004) | | Vått år (1996) | | Tørt år (2005) | |
|----------------------------|-------------------|--------|----------------|--------|----------------|--------|
| | Konsesjon | Omsøkt | Konsesjon | Omsøkt | Konsesjon | Omsøkt |
| Dagar med minstevassføring | 169 | 242 | 187 | 248 | 93 | 154 |
| Dagar kraftverket står | 130 | 76 | 50 | 25 | 239 | 194 |
| Dagar med overløp dam | 67 | 48 | 128 | 93 | 34 | 18 |

Endra slukeevner vil auke dagar med produksjon frå kraftverket, dette kjem frå endra redusert minste slukeevne. Dagar med minstevassføring blir fleire, ca. 2/3 av denne endringa kjem frå auke slukeevne og resterande frå redusert minste slukeevne. Dagar med overløp blir redusert grunna auka maksimal slukeevne. Dynamikken i elva og fossane på strekninga vil verte litt redusert grunna færre dagar med overløp. Fossane på strekninga er flate og breie, så sjølv mindre vassføring brer seg over heile bredda.

Biologi

Krav til minstevassføring vart gjennom konsesjonsbehandlinga auka frå 900 l/s til 1700 l/s sommarhalvåret og 900 l/s vinterhalvåret. Dette skal ivareta forhold for yngel, fisk og landsskapsmessige verdiane i fossane i område mellom inntak og stasjon. Når det gjeld fisk og ål så går det fram av Bioreg AS sin rapport nr. 10/2009 at Prestefossen, som ligg nedstraums stasjonen, er eit absolutt vandringshinder for både fisk og ål inntil 99 %.

Dvs. at ein i praksis står att med nedvandring av utsett smolt på strekninga mellom inntak og stasjon. Rask reduksjon i vassføring kan vere kritisk for smolt som strandar. Oppstart av

turbinane gir rask redusert vassføring mellom dam og avløpskanal. Reduksjon av minste slukeevne vil gjøre endringa i vassføring mindre. Omsøkt verdi for minste slukeevne vil såleis vere positivt for smolten, sjølv om vi ikkje vurderer dette som ein vesentleg endring for forholda nedstraums dam.

Vassføringa i Anga svingar raskt grunna hyppige innslag av haustregn og kombinasjonsflaumar med snøsmelting om vinteren, noko som gir mange og raske flaumar. Samstundes går gjerne elva med svært lita vassføring i februar/mars og på seinsommaren. Trass i reduserte dagar med overløp er vår vurdering at endra maksimal slukeevne ikkje ha negativ effekt på det akvatiske miljøet. Vassføringa vert meir stabil og minstevassføringa vil sørge for at det biologiske miljøet i elva vert ivareteke.

Kostnadar og økonomi

Gjennom konsesjonsbehandlinga har NVE auka krav til minstevassføring samt satt krav om omlaupsventil. Nye vurderingar av vassveg nedstraums inntak tilseier og høgare kostnader enn tidlegare antatt. Søknad om endra slukeevner vil vere eit bidrag for å få betre økonomi i prosjektet.

Tabell 2. Kalkylar med ulike slukeevner, pluss kalkylen frå konsesjonssøknaden.

| | | Kalkyle 2017 (endringssøknad) | Kalkyle 2016 (slukeevne frå kons.) | Kons. søkn. 2014 |
|-------------------------------|-------------------|----------------------------------|---------------------------------------|------------------|
| Slukeevne | m ³ /s | 16,2 | 12,5 | 12,5 |
| Røyrdiameter | m | 2,6/2,4 | 2,4/2,2 | 2,60 |
| Br. fallhøgde | m | 55,0 | 55,0 | 56,0 |
| Effekt | kW | 7300 | 5000 | 5000 |
| Årsprod | GWh | 21,7 | 19,3 | 19,0 |
| Utb.kostnad | NOK | 84 485 248 | 79 907 136 | 68 500 000 |
| Utbyggingspris | NOK/kWh | 3,89 | 4,14 | 3,61 |
| <hr/> | | | | |
| Spesifikasjon kostnadar | | Budsjett 1000 kr | Budsjett 1000 kr | Budsjett 1000 kr |
| Inntak | | 6 806 | 6 450 | 3 000 |
| Røyrgate | | 28 760 | 27 300 | 26 000 |
| El. mek. Utstyr | | 22 980 | 21 080 | 24 000 |
| Stasjonsbygg m/utløpskanal | | 8 118 | 8 118 | 3 500 |
| Terrengarbeid og vegar | | 1 100 | 1 100 | 1 000 |
| Uforutsett 10% | | 6 776 | 6 405 | 2 500 |
| Bygningsmessige arbeid tot. | | 74 540 | 70 453 | 60 000 |
| Anleggsbidrag, linjebygging | | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Planlegging og administrasjon | | 5 218 | 4 932 | 4 500 |
| Finansieringsutg, 5 % i x mnd | | 3 727 | 3 523 | 3 000 |

Konklusjon

Omsøkte verdiar for slukeevne har basis i tidlegare grense for grunnrenteskatt og turbinoppsett på søketidspunktet. Endra grenser for grunnrenteskatt og betre oppsett for turbinar er bakgrunn for omsøkt endringar. Omsøkt nivå for maksimal slukeevne er dobbel minstevassføring, $16,2 \text{ m}^3/\text{s}$, som etter vårt syn er vanleg for denne typen utbygging. Endra redusert minste slukeevne til $0,8 \text{ m}^3/\text{s}$ er ei tilpassing til meir optimale turbinar. Vi meiner fordelane med omsøkte verdiar er større enn skadane og ulempene.

Med helsing

Bystøl AS

Fridtjov Helgesen

Sentralbord: 57 69 85 80

Mobiltelefon: 915 95 425

E-post: fh@bystol.no

Web: www.bystol.no